

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 1. mars 2016

Tid: Tysdag 1. mars 2016 kl. 09:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Ordførarar informerte innleiingsvis om status i saka og kva ny informasjon sidan sist styringsgruppemøte. Det var deretter meiningsutveksling mellom medlemmene.

Vidare informerte ordførar om at ordførarane og rådmenn i Granvin, Ullensvang og Ulvik skulle ha møte dagen etter for å diskutere moglegheita og prosess vidare med tanke på ein mogleg intensjonsavtale mellom desse tre herada.

Gruppa drøfta korleis dei vidare forhandlingane med Granvin og Ullensvang burde leggest opp og korleis Ulvik bør gå inn i desse forhandlingane. Ein drøfta også kva Ulvik må vektlegge i dei vidare forhandlingane.

Neste møte i styringsgruppa for Ulvik er 7. mars kl. 09:00.